

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 21.12.2017
Vår ref.: 2017/4138-5
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 17/797 – 17/5167

Att. Andreas Sandnes Granli

Tiltaket utført før arkeologisk registrering - bygging av landbruksveg - Skårholmen - gnr 146 bnr 1 - Austrheim kommune

Vi viser til brev med ovanfor nemnde sak til fråsegn datert 09.05.2017, vårt varsel om synfaring datert 02.06.2017, samt varsel om arkeologisk registrering datert 28.06.2017.

Det vart i vårt brev med varsel om synfaring påpeika at den omsøkte landbruksvegen låg i område som kan ha potensial for nye funn. Arkeolog frå Fylkeskonservatoren utførte synfaring i det aktuelle arealet 22.06.2017, og konkluderte med at området har høg potensial for funn av automatisk freda kulturminne frå steinalder. Varsel om registrering vart sendt ut 28.06.2017. Då feltarkeologar skulle byrja med registrering på staden 05.12.2017, var tiltaket alt ferdigstilt. Tiltaksområdet vart gått gjennom, og til all lukke vart det ikkje påvist automatisk freda kulturminne.

Det er sers uheldig at tiltaket alt var utført før Fylkeskonservatoren si varsla registrering vart utført. Det kan få alvorlege konsekvensar for den som set i gang tiltak dersom kulturminneverdiar vert råka. Dette var eit søknadspålagt tiltak og kunne resultere i politimelding som brot på § 3 i kulturminnelova.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.